
Fra: Joakim Mosleth [mailto:ex1in9@hotmail.com]

Sendt: to 03.02.2011 21:22

Til: Nynorsknemnda

Emne: Open høyring om nynorskrettskrivinga

Som nynorskbrukar frå landsens minst sannsynlege stad for ein nynorskbrukar å koma frå - Oslo - meiner eg sjølv at eg har eit litt unikt perspektiv på mitt tidlegare sidemål. Ikkje voks eg opp med nynorsk, og ikkje likte eg nynorsk heller (før eg vart godt over 17 år gamal), men likevel er dette språket som eg helst vil identifisera meg sjølv med. Nynorsk for meg er ikkje prega av tradisjon, og eg talar heller ikkje særskilt nynorskknært. I oppveksten min brukte eg pga data meir tid på skriftleg kommunikasjon enn munnleg, og då gjekk det nesten utan unntak i bokmål og engelsk. Som følgje talar eg nesten ikkje på austlandsk dialekt, men nesten fullstendig bokmålsnært.

Men ein dag innsåg eg dette: Nynorsk er eigentleg ganske vakkert. Og då snudde det. For då hadde eg funni eit språk som passar for meg.

Kort oppsummert er poenget mitt dette: Ein må ikkje koma frå eit nynorskområde for å trivast med nynorsk. Likevel mistar nynorsken stadig fleire område. Det finst og har lenge funnist eit ganske utappa potensiale for å velkoma nye brukarar, og dette er det største problemet eg har med nynorsken idag. Nynorsk kan nemleg vera eit skriftmål for heile landet, men er likevel no redusert til meir eller mindre eit vestnorsk språk som folk frå storbyar som Oslo og Kristiansand i svært låg grad identifiserer seg med.

Når de no lagar ei strammare rettskriving som tek særleg omsyn til nynorskdistrikta, vil eg at de skal tenkja over dette: Kvifor må vi vera på defansiven her? Finst det verkeleg inga von for å snu utviklinga og opna opp for nynorsken som eit språk for heile Noreg? Vi kan ikkje tvinga folk til å skriva "byrjing" og "verksemd" istaden for "begynnelse" og "virksomhet", så tillat både formene og lat brukarane velja sjølv! Så kan den tradisjonelle nynorsken fungera som ein friviljug rettesnor, og så vil nynorsken utvikla seg naturleg derfrå på eiga hand.

Eg har lita tru på at dette brevet vil fullstendig revolusjonera den norske språkpolitikken, men det er jo verdt eit forsøk? Lukke til med arbeidet, i alle høve! Eg er stornøgd med dei fleste vedtaka; og då spesielt vedtaket om å tillata "dykk" som subjeksform.

Med venleg helsing
Joakim Mosleth